


# Orienterings sak b


## Økonomirapport MN september 2017

### 1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per september 2011-2017




Figur 2 Utvikling BOA per september 2011-2017



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per september i perioden 2011-2017, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 4,3 % årleg per september i perioden 2011-2017, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg årleg auke på 4,6 % i same periode. På årsbasis er gjennomsnittleg vekst i perioden 4,4 % for GB og 4,6 % BOA, når ein nyttar budsjetterte inntekter for 2017. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Figur 2 viser at BOA-aktiviteten per september 2017 samla er høgare enn i same periode i fjor.

Per september 2017 kjem 37,3 % av inntektene til fakultetet frå BOA.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnadar GB og BOA per institutt per september 2017



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved Geofysisk institutt er 56,2 % av aktiviteten finansiert av BOA.

## 2. Grunntildeling (GB)

Aktiviteten på grunntildelinga har vore lågare enn budsjettert per september, deler av dette skuldast periodeavvik som vil jamne seg ut mot slutten av året og deler av det er forseinka aktivitet som truleg vil medføre overføring til 2018.

**Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per september 2017 (tal i 1000 kr)**

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2017	Årsbudsjett 2017	Budsjett pr september 2017	Rekneskap pr september 2017	Avvik pr september 2017	Avvik %	Rekneskap september 2016	Endring frå september 2016
Inntekter frå KD		-640 620	-466 725	-467 254	529	0,1 %	-444 673	5,1 %
Andre inntekter		-15 000	-3 691	-7 957	4 266	115,6 %	-8 575	-7,2 %
<b>Inntekter</b>		<b>-655 620</b>	<b>-470 416</b>	<b>-475 210</b>	<b>4 795</b>	<b>1,0 %</b>	<b>-453 248</b>	<b>4,8 %</b>
Investeringar		19 662	12 610	9 857	2 753	21,8 %	12 622	-21,9 %
Lønskostnader		491 874	354 818	347 054	7 764	2,2 %	341 699	1,6 %
Andre driftskostnader		125 210	97 753	72 181	25 573	26,2 %	67 937	6,2 %
Internhandel med meir		26 193	26 079	16 898	9 182	35,2 %	36 011	-53,1 %
<b>Kostnader</b>		<b>662 939</b>	<b>491 261</b>	<b>445 989</b>	<b>45 272</b>	<b>9,2 %</b>	<b>458 269</b>	<b>-2,7 %</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>7 319</b>	<b>20 845</b>	<b>-29 221</b>	<b>50 066</b>		<b>5 021</b>	
Saldo overført frå forrige år		-12 319	-12 319	-12 321	2		-9 556	
Saldo overført til neste periode	<b>13 000</b>	5 000	-8 526	41 542	-50 068		4 535	
<b>Sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

Per september er det eit positivt avvik på andre inntekter på 4,3 mill.kr. Dette fordeler seg i hovudsak mellom MN-felles, Matematisk institutt, Institutt for geovitskap og Institutt for biologi og vi ventar at avviket vil jamne seg ut i løpet av året. Rekrutteringsstillingane (stipendiat/postdoktor) er øymerka midlar frå Kunnskapsdepartementet (KD) og vert ført på eige prosjekt. På inntektene frå KD til dette prosjektet er det eit teknisk periodeavvik på 0,5 mill.kr.

På kostnadssida er det største avviket på driftskostnader, og det skuldast ein periodefeil i budsjettet til Institutt for geovitskap, samt tydeleg lågare forbruk av driftskostnader ved MN-felles (fartøy, Science city Bergen, strategiske avsetningar) og Institutt for biologi (bioCEED). Det har vore lågare driftskostnader enn budsjettert på alle institutta. Det positive lønnsavviket fordeler seg mellom dei fleste institutta, og er å finne på rekrutteringsprosjektet (stipendiat- og postdoktorstillingar). Avviket skuldast delvis høgare refusjonar av sjukepeng og foreldrepeng og delvis lågare lønsutgifter til rekrutteringsstillingane enn budsjettert. Fakultetet balanserer no tal tilsette og måltall for rekrutteringsstillingar. Avviket på investeringar skuldast lågare investeringar enn budsjettert ved Institutt for fysikk og teknologi.

Avviket på interne føringar kjem av at ein kostnad på 3,6 mill.kr. for førstesemesterstudiet er budsjettert, men kostnaden er enno ikkje belasta. I tillegg har det vore høgare godskriven eigenfinansiering, frikjøp og leigestadinntekter ved institutta enn budsjettert. På internhandel er det relativt store positive og negative avvik mellom institutta. Utgiftene på internhandel er redusert med 53 % i høve til same periode i fjor, men vi ventar avviket jamnar seg noko ut mot slutten av året.


På motpart 81 er det samla sett eit avvik på ca. 13,4 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak at vi har hatt lågare investeringar enn budsjettert per september ved BOA. Avskrivningane har vore på 26,8 mill.kr per september, medan investeringane ved GB og BOA samla har vore 18,5 mill.kr.

### Prognose for overføring til 2018

I utgangspunktet styrte fakultetet mot å gå i balanse i 2017, men av erfaring la vi inn eit budsjettmål om å samla overføre 5 mill. kr til 2018. Budsjettmålet for overføring til 2018 blei endra i mai til 13 mill. kr. Denne prognosen er mellom anna knytt til SFU bioCEED som ved ein feil fekk dobbelt tilskot i 2016 og likevel har fått nytt tilskot i 2017, nye studieplassar, samt forseinka forbruk av toppfinansiering/eigenfinansiering ved mellom anna ERC og SFF-prosjekt. Det er tre institutt; Institutt for informatikk, Institutt for fysikk og teknologi og Institutt for biologi som melder om størst overføringsbehov til 2018. Fakultetsnivået (MN-felles) har med seg akkumulert underskot frå 2016, og ventar å overføre underskot til 2018 òg.

Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk per september 2017, samanlikna med årets tildeling per institutt. Samla sett har fakultetet per september ingen lediggang i rekrutteringsstillingar, men vi ligg akkurat på måltall. Som nemnt over har vi positivt lønsavvik på rekrutteringsbudsjettet, og vi ligg litt etter i tilsetjing av rekrutteringsstillingar i høve til budsjett.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per september og tildeling 2017



### 3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per september 2017 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	Prognose 2017	Årsbudsjett 2017	Budsjett pr september 2017	Rekneskap pr september 2017	Avvik pr september 2017	Avvik %	Rekneskap pr september 2016	Endring frå september 2016
<b>Tilskot/Innbetalningar</b>								
Norges forskingsråd	-240 000	-230 000	-213 761	-186 384	-27 377	-12,8 %	-183 409	1,6 %
EU	-40 000	-40 000	-21 893	-31 712	9 820	44,9 %	-36 065	-12,1 %
Andre bidrag	-95 000	-85 000	-53 867	-56 669	2 802	5,2 %	-49 712	14,0 %
Oppdrag	-5 000	-5 000	-300	-3 872	3 572	1191,5 %	-1 918	
<b>Sum</b>	<b>-380 000</b>	<b>-360 000</b>	<b>-289 820</b>	<b>-278 637</b>	<b>-11 183</b>	<b>-3,9 %</b>	<b>-271 104</b>	<b>2,8 %</b>
<b>Aktivitet/kostnader</b>								
Norges forskingsråd	230 000	230 000	186 967	153 534	33 434	17,9 %	153 481	0,0 %
EU	50 000	50 000	48 965	36 517	12 449	25,4 %	32 430	12,6 %
Andre bidrag	100 000	100 000	75 415	70 676	4 739	6,3 %	62 716	12,7 %
Oppdrag	5 000	5 000	5 730	4 200	1 531	26,7 %	4 203	-0,1 %
<b>Sum</b>	<b>385 000</b>	<b>385 000</b>	<b>317 078</b>	<b>264 925</b>	<b>52 152</b>	<b>16,4 %</b>	<b>252 829</b>	<b>4,8 %</b>
<b>Saldo overført frå forrige år</b>								
Norges forskingsråd	7 254	7 254	7 254	7 254	0	0,0 %	4 408	64,6 %
EU	-26 201	-26 201	-26 201	-26 201	0	0,0 %	-25 998	0,8 %
Andre bidrag	-41 350	-41 350	-41 350	-41 350	0	0,0 %	-39 036	5,9 %
Oppdrag	-5 442	-5 442	-5 442	-5 442	0	0,0 %	-7 078	-23,1 %
<b>Sum</b>	<b>-65 739</b>	<b>-65 739</b>	<b>-65 739</b>	<b>-65 739</b>	<b>0</b>	<b>0,0 %</b>	<b>-67 704</b>	<b>-2,9 %</b>
<b>Saldo overført til neste periode</b>								
Norges forskingsråd	2 746	-7 254	19 539	25 596	-6 057	31,0 %	25 520	0,3 %
EU	16 201	16 201	-872	21 397	-22 268	2554,3 %	29 633	-27,8 %
Andre bidrag	36 350	26 350	19 803	27 344	-7 541	-38,1 %	26 032	5,0 %
Oppdrag	5 442	5 442	11	5 114	-5 102	-44761,9 %	4 794	6,7 %
<b>Sum</b>	<b>60 739</b>	<b>40 739</b>	<b>38 481</b>	<b>79 451</b>	<b>-40 970</b>	<b>-106,5 %</b>	<b>85 979</b>	<b>-7,6 %</b>
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**NFR-bidragsaktiviteten** ved fakultetet har per september vore lågare enn budsjettert, særst ved Institutt for biologi, Institutt for geovitskap og Institutt for fysikk og teknologi. Dette skuldast i stor grad forseinka aktivitet på mange ulike prosjekt. Ved Institutt for fysikk og teknologi og Institutt for biologi er det lågare forbruk av driftsmidlar og ved Institutt for geovitskap skuldast avviket i hovudsak budsjettert utstyr ved infrastrukturen Farlab, som enno ikkje er levert, samt forseinkinga aktivitet på infrastrukturprosjektet EPOS. Institutt for informatikk og Molekylærbiologisk institutt har hatt høgare aktivitet enn budsjettert. Innbetalingane frå NFR-bidragsaktivitet har òg vore lågare enn budsjettert per september, særst ved Institutt for geovitskap og Institutt for fysikk og teknologi.

**EU-bidragsaktiviteten** har vore lågare enn budsjettert per september, og det er særst Geofysisk institutt og Institutt for geovitskap som har størst avvik mellom budsjett og aktivitet. Avviket skuldast til dels lineær budsjettering på EU prosjekt, samt forseinking i eit større utstyrsprosjekt. Innbetalingane frå EU-bidragsaktivitet har vore høgare enn budsjettert ved Institutt for geovitskap, Institutt for fysikk og teknologi og Institutt for biologi per september, og dette skuldast tidligare innbetalingar enn budsjettert, samt pre-finance av prosjekt ved Institutt for biologi som ikkje var budsjettert i 2017.

**Anna bidragsaktivitet** har vore lågare enn budsjettert per september, og det er sær sars Geofysisk institutt og Institutt for fysikk og teknologi som har hatt ein god del lågare aktivitet enn budsjettert. Dette skuldast ein kombinasjon av forsenking i prosjektaktivitet og periodeavvik. Institutt for geovitskap har hatt høgare aktivitet enn budsjettert. Innbetalingane frå Anna bidragsaktivitet har vore høgare enn budsjettert per september for dei fleste institutta. Institutt for fysikk og teknologi har imidlertid hatt ein god del lågare innbetalingar enn budsjettert.


**Oppdragsaktiviteten** ved fakultetet er relativt låg. Per september har det vore noko lågare aktivitet, og høgare innbetalingar enn budsjettert.

Aktiviteten har vore lågare enn periodisert budsjett for alle finansieringskjelder, medan innbetalingane har vore høgare enn budsjett for alle finansieringskjelder unnta NFR. Fakultetet vel likevel å halde på prognosane for aktivitet og innbetalingar frå førre rapportering.

**Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per september 2017 (tal i 1000 kr)**

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	2	5	1 120	114	503	489	1 968	0	4 200
2. NFR - bidragsaktivitet	0	11 051	22 986	25 490	8 344	10 072	24 489	20 706	28 310	2 086	153 534
3. EU - bidragsaktivitet	100	174	3 049	4 379	1 025	0	6 435	10 171	11 182	0	36 517
4. Annen bidragsaktivitet	2 076	2 941	8 716	5 821	2 879	3 664	4 693	27 406	12 480	0	70 676
<b>Sum</b>	<b>2 175</b>	<b>14 166</b>	<b>34 753</b>	<b>35 694</b>	<b>13 369</b>	<b>13 850</b>	<b>36 120</b>	<b>58 772</b>	<b>53 940</b>	<b>2 086</b>	<b>264 925</b>
Prosent av samla BOA	0,8 %	5,3 %	13,1 %	13,5 %	5,0 %	5,2 %	13,6 %	22,2 %	20,4 %	0,8 %	100,0 %

**Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per september 2017 (tal i 1000 kr)**



Tabell 3 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt per september 2017. Samla aktivitet og Anna bidragsaktivitet har vore størst ved Institutt for geovitskap, medan EU-bidragsaktivitet, NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet har vore størst ved Institutt for biologi. Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA mellom institutta.

#### 4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD har hatt med seg ei større overføring frå oppstartsåret. Overføringa er gjennom åra vorte redusert, og ved utgangen av 2016 var den på 3,5 mill.kr. I utgangspunktet hadde SKD budsjettert med ei overføring til 2018 på 2 mill.kr, men etter ei budsjettendring er dette endra til ca. 1 mill.kr i budsjettert meirforbruk. Basert på tidlegare års erfaring melder likevel SKD om at dei ventar å kunne innhente mye av budsjettert meirforbruk og enda med ca. 0,2 mill.kr i meirforbruk ved årsslutt.

## 5. Vedlegg

### 5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildelinga (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øymerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrsparke. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparke. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen.